




Fylkesmannen i
Hordaland

Opplæring innanfor kriminalomsorga 2009



Fylkesmannen i Hordaland
Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

ISSN: 1501-7056

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com
Trykk og layout: www.netprint.no

FYLKESMANNEN I HORDALAND

RAPPORT

OPPLÆRING INNANFOR

KRIMINALOMSORGA

2009

Føreord

Fylkesmannen i Hordaland utarbeider kvart år ein samla nasjonal rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2009 inneholder oppsummering av tilbakemeldingane frå skolane om dei ulike sidene ved opplæringa som opplæringstilbod, elevtal, forvaltningssamarbeid og oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005). Rapporten inneholder også eit oversyn over delar av aktiviteten på dette området hos Fylkesmannen i Hordaland. Rapporten bygger på eit rapporteringsskjema som er utfylt av skolane og sendt til fylkeskommunen ved opplæringsavdelinga. Rapporteringa er ein lekk i ei systematisk resultatoppfølging av dette området innanfor utdanningssektoren.

Det er no etablert opplæring ved 51 anstalter. Det er opplæring ved alle fengsel som skal ha skole. Frå og med 2009 blir elevplassane talde på ein ny måte. Skolane registrerer tal elevar både på heiltid og deltid. Slik får vi eit meir presist bilet av den faktiske opplæringsaktiviteten som føregår. Vi får eit gjennomsnittleg elevtal på heiltid og deltid. I 2009 var det gjennomsnittlege elevtalet på 1751, 784 på heiltid og 967 på deltid.


Dei siste åra har det vore fokusert på å få meir yrkesopplæring. Vi ser at det innanfor vidaregåande skole også i 2009 er ei dreining frå teori mot meir yrkesretta opplæring. Nesten to av tre elevar (heiltid) er innanfor yrkesretta opplæring. Det er positivt at fleire skolar legg til rette for korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse i arbeidslivet. Talet på inngåtte lærekontraktar og på dei som har tatt fagprøve/sveinebrev har fordobla seg i høve til føregående år. Det er ei god utvikling, men gjennom eit enda betre samarbeid mellom skolane og arbeidsdrifta i fengsla, må det leggjast til rette for at fleire kan ta fagprøve.

Realkompetanseprosjeket blei avslutta hausten 2009. Erfaringa fra prosjektet skal medverke til auka bruk av realkompetansevurderingar innan opplæring i kriminalomsorga og til eit meir heilskapleg og tilrettelagt opplæringsløp. Men framleis er det mange skolar som ikkje gjennomfører realkompetansevurderingar.

Rapporten viser at det framleis er slik at mange skolar ikkje har gode nok undervisningslokale og dette går utover ressursutnyttinga i opplæringa når kriminalomsorga ikkje stiller eigna lokale til disposisjon.

Dei innsette har rett til opplæring innom IKT på lik line med andre elevar. Digital kompetanse er ein av dei grunnleggjande dugleikane som er heimla i Opplæringslova. Den nasjonale løysinga IFI - internett for innsette – skal sikre denne retten, og det er vedteke ein utrullingsplan som skal sikre at alle skolane/fengsla får ta i bruk denne løysinga i 2009 og 2010.

Fylkesmannen i Hordaland vonar denne rapporten vil verka som eit viktig innspeil i drøftingane omkring opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet med rapporten er gjort av seniorrådgjevar Torfinn Langelid og rådgjevar Paal Chr. Breivik, Fylkesmannen i Hordaland.

Bergen, juni 2010

Kjellbjørg Lunde
Utdanningsdirektør

Innhold

| | |
|--|----|
| Føreord | 5 |
| 1 INNLEIING | 9 |
| 2 TILRETTELEGGING OG GJENNOMFØRING AV RAPPORTERINGA | 9 |
| 2.1 Rapportering | 9 |
| 2.2 Gjennomføring | 10 |
| 3 RAPPORTERINGA | 10 |
| 3.1 Resultatmål for 2009 | 10 |
| 3.2 Generell vurdering av verksemda | 11 |
| 3.2.1 Tilsette, innsette og elevar | 11 |
| 3.2.2 Utdanningsnivå og kurs | 12 |
| 3.2.3 Alder | 14 |
| 3.2.4 Dom og varetektsrapport | 15 |
| 3.2.5 Frigang til skole og arbeid | 15 |
| 3.3 Opplæringstilbod og resultat | 16 |
| Det gjennomsnittlige elevtalet i 2009 var på 1751, fordelt med 784 elevar på heiltid og 967 på deltid..... | 16 |
| 3.3.1 Lærekontraktar og fagbrev/sveinebrev | 18 |
| 3.3.2 Eksamensrapport | 19 |
| 3.3.3 Forvaltningssamarbeid | 19 |
| 3.3.4 Elevdemokrati | 22 |
| 3.3.5 Prosjekt og utviklingsarbeid | 22 |
| 3.3.6 Evaluering av eiga verksemde | 23 |
| 3.4 Oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen, "Enda en vår" | 23 |
| 3.4.1 Yrkesfagleg opplæring | 23 |
| 3.4.2 Bruk av IKT på skolen | 24 |
| 3.4.3 Spesialpedagogisk kompetanse | 25 |
| 3.4.4 Informasjon om skolen | 26 |
| 3.4.5 Kompetanseheving | 27 |
| 3.4.6 Opplæring gjennom heile året | 28 |
| 3.5 Undervisningslokala | 29 |
| 4 RAPPORT OM ARBEIDET VED FYLKESMANNEN I HORDALAND, UTDANNINGSAVDELINGA | 33 |
| 4.1 Arbeidsoppgåver | 33 |
| 4.2 Tilsyn og kontroll | 33 |
| 4.2.1 Etablering av opplæring i 2009 | 33 |
| 4.3 Fagleg/pedagogisk oppfølging. Forsøks- og utviklingsarbeid | 33 |
| 4.4 Kartleggingssarbeid | 36 |
| 4.5 Internasjonalt arbeid | 36 |

Oversyn over tabellar, figurar og vedlegg

Tabellar:

| | | |
|----------|--|----|
| Tabell 1 | Samla tal elevar heiltid og deltid fordelt på utdanningsprogram i vgs (i prosent) | 17 |
| Tabell 2 | Oversyn over skolar som har medverka til at elevar har fått gjennomføra realkom- petansevurderingar i 2009, fordelt på tryggleiksnivå | 17 |
| Tabell 3 | Oversyn over kven som møter på ulike nivå i samarbeidet | 21 |
| Tabell 4 | Skolane si vurdering av lokala som vert nytta til undervisning | 30 |
| Tabell 5 | Oversyn over opplæringa | 39 |

Figurar:

| | | |
|----------|--|----|
| Figur 1 | Tal heiltid- og deltidsstillingar frå 2002 til 2009 | 12 |
| Figur 2 | Tal elevar som fekk opplæring i 2009 fordelt på utdanningsnivå og kurs | 13 |
| Figur 3 | Gjennomsnittleg elevtal i prosent for elevane på heiltdi og deltid fordelt på utdanningsnivå og kurs | 13 |
| Figur 4 | Tal elevar i anstalt fordelt på alder | 14 |
| Figur 5 | Elevar i anstalt fordelt på dom og varetektsnivå frå 2004 til 2009 | 15 |
| Figur 6 | Tal innsette som har frigang til skole og frigang til arbeid frå 2001-2009 | 15 |
| Figur 7 | Gjennomsnittleg elevtal samla på heiltid og deltid fordelt på utdanningsnivå og kurs | 16 |
| Figur 8 | Tal på inngåtte lærekontraktar | 18 |
| Figur 9 | Tal på fagbrev/sveinebrev | 18 |
| Figur 10 | Tal elevar som har teke eksamen og ulike kurs i 2009 | 19 |
| Figur 11 | Evaluering av samarbeidet med arbeidsdrifta, NAV-arbeid og programverksemda i prosent | 20 |
| Figur 12 | Samarbeidet med arbeidsdrifta har ført til nye opplæringstilbod | 21 |
| Figur 13 | Tal skolar som har/ikkje har elevråd og tillitsvalde elevar | 22 |
| Figur 14 | Tal skolar som deltar i ulike utviklingsprosjekt | 22 |
| Figur 15 | Oversyn over korleis skolane gjennomfører evaluering av eiga verksemد (tal skolar) | 23 |
| Figur 16 | Tal skolar som har/ikkje har oppretta yrkesfaglege tilbod i 2009 | 24 |
| Figur 17 | Oversyn over opplæringstilbod som er oppretta i 2009 (tal skolar) | 24 |
| Figur 18 | Tal skolar som nyttar nettstøtta opplæring, integrerer IKT i undervisninga og har nettilgang via nasjonal brannmur | 25 |
| Figur 19 | Tal skolar som har elevar som nyttar seg av nettstøtta opplæring – fordelt på utdanningsnivå | 25 |
| Figur 20 | Tal skolar som har tilbod om spesialundervisning, har spesialpedagogisk kompetanse og kontakt med PPT | 26 |
| Figur 21 | Oversyn over kven som informerer om skolen ved inntak i fengslet ved inntak i fengslet (tal skolar) | 26 |
| Figur 22 | Oversyn over kompetansehevande tiltak som blir gitt, og om tiltaka har vore i tråd med behov (tal skolar) | 27 |
| Figur 23 | Skolar som gir opplæring i feriane | 28 |
| Figur 24 | Oversyn over kva slags opplæringstilbod som blir gitt dersom skolane gir undervisning heile året (også sommar) – tal skolar | 29 |

Vedlegg:

| | | |
|-------------|--|-----|
| Vedlegg 1: | Rapporteringsskjema..... | 41 |
| Vedlegg 2: | Elevar i fengsel/skole fordelte på opplæringstilbod, heiltid og deltid | 64 |
| Vedlegg 3: | Utanlandske innsette/elevar; snitt av mars/ | 66 |
| Vedlegg 4: | Aldersfordeling – innsette/elevar | 68 |
| Vedlegg 5: | Registrerte elevar på årsbasis, gjennomsnittleg elevtal - gjennomtrekk | 70 |
| Vedlegg 6: | Fordeling av insette/elevar - dom/varetektsforvaring og sikring | 72 |
| Vedlegg 7: | Registrerte elevar i 2009 - fordelte på fengsel/oppfølgingsklassar..... | 74 |
| Vedlegg 8: | Fordeling av innsette/elevar - kjønn | 76 |
| Vedlegg 9: | Innsette/elevar - frigang til skole og arbeid | 78 |
| Vedlegg 10: | Elevane i oppfølgingsklassane fordelte på; - under straffegjennomføring og har vore under straffegjennomføring | 80 |
| Vedlegg 11: | Tildelte lærarårstimar | 82 |
| Vedlegg 12: | Elevar i oppfølgingsklassane rekrutterte frå ulike samarbeidspartar | 84 |
| Vedlegg 13: | Utdanningsprogram i vgs - elevar fordelte på heiltid og deltid | 85 |
| Vedlegg 14: | Andre kurs - elevar fordelte på heiltid og deltid | 89 |
| Vedlegg 15: | Praksis og opplæring i bedrift og skole | 94 |
| Vedlegg 16: | Elevar fordelte på avlagde eksamenar innan ulike utdanningsnivå..... | 96 |
| Vedlegg 17: | Ulike typar avbrot der undervisninga stoppar opp..... | 98 |
| Vedlegg 18: | Tal elevar som har gjennomført ulike kurs | 100 |
| Vedlegg 19: | Lærarar fordelte på heil- og deltidsstilling | 102 |
| Vedlegg 20: | Ressursar til administrasjon, kontorpersonale, rådgjeving og lærarårsverk | 104 |
| Vedlegg 21: | Elevar i prosent i fengsel og i oppfølgingsklasse på heiltid og deltid fordelt på utdanningsnivå og kurs..... | 106 |
| Vedlegg 22: | Tal på elevar som har teke eksamen/kompetansebevis/delkompetanse/ universitet og høgskole/ikkje-kompetansegevande kurs/ arbeidskvalifiserande kurs og andre kurs | 108 |
| Vedlegg 23: | Innsette - frigang til skole og arbeid i tidsrommet 2001 - 2009..... | 108 |

1 INNLEIING

Målsetjinga med rapporten er at han skal vera eit faktabasert utgangspunkt for drøfting av verksemda med sikte på vidareutvikling av området. Sentrale aktørar i denne drøftinga er fylkeskommunen og skolane i lag med kriminalomsorga. Fylkesmannen kan nytte rapporten som utgangspunkt for gjennomføring av tilsyns- og kontrollverksemder og rettleatings- og informasjonsarbeid overfor fylkeskommunen.

2 TILRETTELEGGING OG GJENNOMFØRING AV RAPPORTERINGA

2.1 Rapportering

Rapporteringsskjemaet blei sendt ut i desember 2008 (sjå vedlegg 1). Det har sju hovudområde:

- Om anstalten og fangebefolkninga (Desse opplysningane får skolane gjennom KOMPIS - kriminalomsorga sitt eige dataregister)
- Om skolen
- Om dei innsette/frigjevne
- Om elevane
- Skoleoppsummering for året
- Om lærarane
- Andre sider ved opplæringsverksemda

Rapporteringsskjemaet har på nokre spørsmål to teljedatoar og på eitt spørsmål (spm 20) fire teljedatoar. Det er for å sikre at ikkje berre ein dato skal bli utslagsgjevande og at data blir korrekte og samanliknbare. Ulike fengselsfaglege disposisjonar og andre tilhøve, kan på ein teljedato føre til svært lågt registrert elevtal og dermed gi inntrykk av dårlig kapasitetsutnytting. Når elevtalet blir tald fire gonger, er vi sikra eit betre bilet av kapasitetsutnyttinga. I rapporten opererer vi med eit gjennomsnittstal. Frå og med 2001 har rapporteringsskjemaet blitt utvida med kvalitative spørsmål som gjeld ulike sider i samband med samarbeidet med fengslet, standard på undervisningslokale, bruk av IKT og andre forhold ved skoleverksemda som det er ønskjeleg å ta opp. Frå og med 2009 har vi sløyfa tal elevplassar, og gått over til å registrere elevtal på heiltid og deltid fire gonger i året. På denne måten får vi fram eit gjennomsnittleg elevtal som på ein betre måte dekkjer den samla aktiviteten ved skolane.

Frå og med 2005 er det også lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005). Det er 37 skolar som har rapportert på aktiviteten i til saman 51 fengsel/fengselsavdelingar i 2009.

Det er til saman 51 utfylte rapporteringsskjema, eitt skjema kan ha informasjon om fleire fengsel/avdelingar.

2.2 Gjennomføring.

Skolane skal levere rapporteringsskjemaet ved utgangen av kvart år til fylkeskommunen v/utdanningsetaten. Fylkeskommunen sender rapporteringsskjema samla til Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga m/kopi til utdanningsavdelinga hos fylkesmannen i kvart fylke. Fylkesmannen i Hordaland utarbeider på grunnlag av rapporteringsskjema kvart år ein samlande nasjonal rapport om fengselsundervisninga. Som vedlegg følgjer eit samla oversyn over tabellar, figurar og vedlegg for dei som ønskjer å gå grundigare inn i materialet. Gjennom desse årlege rapportane vil ein over tid sjå utvikling og forandring og dermed ha ei sikrare plattform for å setje i gang tiltak som kan fornye og på ein betre måte tilpassa opplæringa til framtidige yrke.

3 RAPPORTERINGA

3.1 Resultatmål for 2009

I stortingsproposisjon nr 1 for 2008 - 2009 formulerte Kunnskapsdepartementet målsetjinga for og omtale av Opplæring innanfor kriminalomsorga Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga slik:

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller frisette som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller frisette som har rett til utdanning, og som ønskjer det.

Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekts, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing at det blir gitt kurs som er arbeidskvalifiserande, men ikkje formelt kompetansegivande.

Rapport for 2007–08

"Frå 2005 til 2007 har budsjettet for opplæring innafor kriminalomsorga auka frå 107,3 mill. kroner til 160,9 mill. kroner. Styrkinga av budsjettet har ført til at det er starta opplæringstilbod ved 15 nye fengsel i denne perioden, og fleire fengsel har utvida skoletilbodet som følgje av auka soningskapasitet i dei seinare åra.

I 2008 vil det bli gitt opplæringstilbod ved alle anstalar i Noreg. Det var 5 526 personar, 5 225 i fengsel og 301 i oppfølgingsklassar, som tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2007. Litt færre enn før tok ei eller anna form for eksamen, 644 i 2007 mot 688 i 2006. Det var ein auke i talet på elevar som tok ikkje-kompetansegivande kurs, frå 1 548 elevar i 2006 til 2 233 elevar i 2007. Det har også vore stor auke i talet på lærarar.

Utdanningsdirektoratet er delegert ansvaret for å følgje opp utviklinga av opplæringstilbodet i kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland har nasjonale koordineringsoppgåver på dette området.

Digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i dei nye læreplanane, og det er viktig å få til ei fullgod opplæring på dette området i kriminalomsorga. Det er i samarbeid med Justisdepartementet lagt ein plan for bruk av IKT/Internett i opplæringa i kriminalomsorga som sikrar både dei pedagogiske og tryggingsmessige løysingane. For å få

fleire og meir fleksible opplæringstilbod er det sett i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på posten på same nivå som i 2008.”

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringen

I samband med drøftinga av tilskottsordninga sa komiteen under KRIMINALOMSORG (POST 68):

”Komi t e e n viser til at det har vært et overordnet prinsipp at innsatte/domfelte har de samme rettighetene til opplæring som andre samfunnsborgere, jf. opplæringsloven og straffegjennomføringsloven. Disse rettighetene har blitt forsterket de senere årene. Fra 2005–2009 har budsjettet for opplæring innen kriminalomsorgen økt fra 107,3 mill. kroner til 183,3 mill. kroner. K omi t e e n viser til at det er satt i gang flere prosjekter for å utvikle og forbedre opplæringen.


Komiteens medlemmer fra Fremskriftspartiet vil understreke at skolen er viktig for det enkelte individs muligheter i livet. En dårlig skolegang er en dårlig start som før en del får konsekvenser resten av livet. På denne bakgrunn vil disse medlemmene vise til Fremskriftspartiets forslag i finansinnstillingen om å ha en egen bevilgning som går til elever med særskilte behov, spesielt knyttet til elever med atferdsproblemer. Disse medlemmene mener at en bedre grunnutdanning for denne gruppen elever vil virke forebyggende, og spare rettssystemet og fengselsvesenet for utgifter på sikt. Disse medlemmene vil understreke at de ressursene som bevilges til utdanning i kriminalomsorgen, i første rekke bør gå til å gi unge lovbrukere et tilbud og satsing på formelt kompetansegivende kurs og opplæringstilbud.”

3.2 Generell vurdering av verksemda

3.2.1 Tilsette, innsette og elevar

Det vart ved utgangen av 2009 gitt tilbod om opplæring i 51 fengsel og fengselsavdelingar. Alle fengsla regjeringa meiner skal ha opplæring, har no fått etablert skole. Moss og Fredrikstad fengsel blei lagt ned med verknad frå 1. oktober 2009. Det er etablert oppfølgingsklassar 10 stader i landet.

I 2009 var det tilsett 442 lærarar (158 heiltid og 284 deltid) som til saman utgjorde 276 årsverk.



Figur 1 Tal heiltid- og deltidsstillingar frå 2002 til 2009


Figur 1 viser utviklinga over heiltid- og deltidsstillingar i perioden 2002 – 2009. Vi ser at det sidan 2002 har vore ein jamn auke i talet på lærarar, både på heil- og deltid. I 2002 var talet på lærarar 300 (134 heiltid og 166 deltid). Talet på årsverk har auka med 40,5 prosent i denne perioden. Fengsla som er med i rapporten hadde til saman ein kapasitet på 3515 plassar. Frå og med 2009 har vi gått over til å telje elevplassar på ein ny måte. Skolane registererer tal elevar på heiltid og deltid. Slik får vi eit betre bilet av den faktiske opplæringsaktiviteten som føregår. Vi får eit gjennomsnittleg elevtal på heiltid og deltid. I 2009 var det gjennomsnittlege elevtalet på 1751, 784 på heiltid og 967 på deltid. (sjå vedlegg 2). Det medfører at nesten halvparten (48,7 prosent) av dei innsette var i ein opplæringsituasjon.

Om lag 10000 innsette (9120 i fengsel og 924 i oppfølgingsklassar) tok del i ei eller anna form for opplæring i 2009. Dette talet er høgt mellom anna på grunn av at den gjennomsnittlege soningstida er kort (97 dagar) og at ein del elevar er talt fleire gonger. Ein innsett kan delta på fleire opplæringstilbod gjennom året.

I snitt sona 208 kvinner fordelt på 24 fengsel (sjå vedlegg 8). I rapporteringsperioden var 27,3% av dei innsette av utanlandsk opphav (sjå vedlegg 3). Dette er ein auke på 3,9% frå 2008 og frå 2007 på 7,6%.


3.2.2 Utdanningsnivå og kurs

Vi har fordelt elevane på utdanningsnivå; grunnskole, vidaregåande opplæring og høgskole/universitet. I tillegg har vi ulike kurs som engelsk for utanlandske innsette, norsk som andrespråk (NOA), arbeidskvalifiserande kurs, andre kurs og frigang.



Figur 2 Tal elevar som fekk opplæring i 2009 fordelt på utdanningsnivå og kurs

Figur 2 viser tal elevar i 2009 som fekk opplæring fordelt på utdanningsnivå og kurs. Det er positivt at mange innsette gjennomfører arbeidskvalifiserande kurs. Det er korte kompetansegevande kurs som gir sertifisering i arbeidslivet.



Figur 3 Gjennomsnittleg elevtal i prosent for elevane på heiltid og deltid fordelt på utdanningsnivå og kurs


Figur 3 viser korleis gjennomsnittleg elevtal er fordelt på utdanningsprogram og kurs. Over halvparten (55%) av elevane er innanfor vidaregående opplæring. Dette gjeld dei som går på heiltid. Ein av ti går på arbeidskvalifiserande kurs. Andre kurs får oppslutnad frå 21,2 % av elevane, medan 7,8 prosent av elevane går på høgskole/universitetsutdanning.

Det var om lag ein av tre mannlege innsette (36,6%) og nesten halvparten (45,2%) av dei kvinnelege innsette som gjekk på skolen (sjå vedlegg 8). Samanlikna med føregåande år er det ein aukande del av fangebefolkninga som tar del i opplæring. For mannlege innsette utgjer auken 5,8 prosent og for kvinnelege innsette 8 prosent.

3.2.3 Alder

Elevane er i all hovudsak godt vaksne elevar og om lag to av tre (65,2%) er i alderen 23 – 40 år. Dette talet har halde seg nokolande stabilt dei siste fire-fem åra, men det er ein nedgang i høve til 2003 då talet var 72,9 prosent. Elevar i alderen 41 -50 år har auka frå 8,9 prosent i 2003 til 15,9 prosent i 2009 (sjå vedlegg 4). Dette gjer det viktig for skolane å fokusere på vaksenpedagogikk innan opplæring for dei innsette.

Berre omlag fem prosent av elevane er i alderen 15 – 20 år og like stor del er over 50 år. Dette tilsvasar omlag aldersfordelinga i fangebefolkninga generelt (sjå vedlegg 4).




Figur 4 Tal elevar i anstalt fordelt på alder, i perioden 2003 – 2009.

Av dei 959 innsette med utanlandsk bakgrunn, deltok i snitt 320 i opplæring (sjå vedlegg 3). Det vil seia at nesten 1 av 3 innsette i denne gruppa tok ei eller anna form for utdanning medan dei sat inne. Det er ein auke frå 22 prosent i 2008 til 33,4 prosent i 2009. Det var 403 elevar som var innom opplæring i norsk som andrespråk, og 348 fekk engelskopplæring for utanlandske innsette (sjå vedlegg 7). Over halvparten (55,9%) av dei innsette med utanlandsk bakgrunn finn ein fordelt på 6 fengsel: Oslo fengsel, Ullersmo fengsel, Ringerike fengsel, Åna fengsel, Bergen fengsel og Trondheim fengsel (sjå vedlegg 3).

3.2.4 Dom og varetekt

Det er 20,4% av elevane som sit i varetekt, medan ca 26,0% av den totale fangebefolkinga er varetektsdømde (sjå vedlegg 6). Av alle som sit i varetekt, er 27,8% elevar. Av alle som sonar dom, er 39,5% elevar.




Figur 5 Elevar i anstalt fordelt på dom og varetekt frå 2004 til 2009

Figur 5 viser at delen av elevar som sit i varetekt (20,4%), er om lag på same nivå som han har vore dei siste åra.

3.2.5 Frigang til skole og arbeid

Skolane rapporterer på kor mange av elevane som har frigang til skole eller arbeid.




Figur 6 Tal innsette som har frigang til skole og frigang til arbeid frå 2001-2009

Figur 6 viser tal innsette som har hatt frigang til skole og frigang til arbeid frå 2001 – 2009. Tal på elevar som får frigang til skole i denne rapporteringa, har hatt ei positiv utvikling og har nesten fordobla seg frå føregåande år, frå 1,3% til 2,1% i 2009 (sjå vedlegg 23).

3.3 Opplæringstilbod og resultat

Det gjennomsnittlege elevtalet i 2009 var på 1751, fordelt med 784 elevar på heiltid og 967 på deltid.



Figur 7 Gjennomsnittleg elevtal samla på heiltid og deltid fordelt på utdanningsnivå og kurs

I figur 7 ser vi korleis det gjennomsnittlege elevtalet fordeler seg totalt på utdanningsnivå og kurs. Av det samla gjennomsnittlege elevtalet på 1751 finn vi at 729,75 elevar (heiltid og deltid) er innanfor vidaregåande opplæring. Det er få elevar som tek grunnskolen, ein situasjon som har vart i fleire år. Innanfor arbeidskvalifiserande kurs er det samla talet 131,75 elevar og det er også ein del elevar som tar høgskole/universitetsutdanning. I samband med etablering av skole i fengsel dei siste åra, har det vore ein auke i korte arbeidskvalifiserande kurs. Det gjennomsnittlege elevtalet for ”andre kurs” ligg samla på 731,50. Andre kurs er ofte korte og motivasjonsfremjande tilbod som blir gitt for å fremje interessa for opplæring. Dersom ein samanliknar fordelinga av elevplassar mellom fengsel og i oppfølgingsklasser, ser vi at det er litt mindre bruk av opplæring gjennom andre kurs og litt større del elevplassar i vidaregåande opplæring i oppfølgingsklassane enn opplæring i fengsel (sjå vedlegg 21).

Ser vi på fordelinga av gjennomsnittleg elevplassar innan vidaregåande skole -heiltid, er nesten to av tre elevar innanfor yrkesretta opplæring. Tal elevplassar er høgast når det gjeld utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon og i bygg- og anleggsteknikk. Men der er også ein del elevplassar i utdanningsprogramma restaurant- og matfag og design og handverk. Når det gjeld deltid, er om lag fire av 10 (41,8 prosent) elevplassar innanfor yrkesretta opplæring. Denne dreininga frå teoriundervisning til meir yrkesretta opplæring er heilt i tråd med Stortingsmelding 27 (2004-2005) *Om opplæringen innanfor kriminalomsorgen ”Enda en vår”*. Stortingsmeldinga tilrår ein auke i yrkesfagleg opplæring innanfor kriminalomsorga.

Tabell 1 Samla tal elevar heiltid og deltid fordelt på utdanningsprogram i vidaregåande skole (i prosent)

| Utdanningsprogram | Samla elevtal fengsel og oppf.kl i prosent | |
|---|---|----------------|
| | HT | DT |
| ID - idrettsfag | 0,0 % | 5,5 % |
| MK – medier og kommunikasjon | 1,6 % | 4,0 % |
| EL – elektrofag | 1,7 % | 0,2 % |
| HS – helse- og sosialfag | 1,7 % | 6,3 % |
| MD – musikk, dans og drama | 1,8 % | 12,7 % |
| NA – naturbruk | 2,6 % | 0,6 % |
| SS – service og samferdsel | 3,8 % | 2,9 % |
| DH – design og handverk | 6,0 % | 6,4 % |
| RM – restaurant- og matfag | 9,4 % | 7,9 % |
| BA – bygg-og anleggsteknikk | 16,5 % | 5,7 % |
| TIP – teknikk og industriell produksjon | 18,8 % | 7,8 % |
| ST – studiespesialisering | 36,0 % | 39,9 % |
| Totalt | 100,0 % | 100,0 % |

Som ei oppfølging av St.meld.nr.27 (2004 – 2005) har Vox etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland jennomført eit treårig om realkompetansevurdering. Prosjektet blei avslutta i desember 2009. Det har ført til større grad av kunnskap om realkompetansevurdering og også vektlegging av at når innsette har ein rett til vidaregående opplæring, har dei også ein rett til realkompetansevurdering. For meir informasjon om prosjektet sjå rapporten ”Din tur til å bevise” Realkompetansevurdering i opplæringen innenfor kriminalomsorgen Sluttrapport. I 2009 var talet på realkompetanskandidatar 212. Av tabellen under ser vi at det framleis er mange skolar som ikkje har medverka til å gjennomføra realkompetansevurderingar.


Tabell 2 Oversyn over skolar som har medverka til at elevar har fått gjennomføra realkompetansevurderingar i 2009, fordelt på tryggleiksnivå

| Tryggleiksnivå | Ja | Nei |
|-----------------------|-----------|-------------|
| Høg grad av tryggleik | 12 | 57 % |
| Begge tryggleiksnivå | 7 | 70 % |
| Låg grad av tryggleik | 12 | 80 % |
| Totalt | 31 | 67 % |
| | | 15 |

Fylkesmannen i Hordaland har vedtatt ein oppfølgingsplan som går ut på implementere resultata frå det nasjonale prosjektet til alle skolane som har ansvar for opplæring innanfor kriminalomsorga.


3.3.1 Lærekontraktar og fagbrev/sveinebrev

Talet på lærekontraktar og fagbrev/sveinebrev har halde seg stabilt i mange år, sjølv om elevtalet innan kriminalomsorga har auka og rapporteringa viser ei dreining mot meir yrkesretta opplæring.



Figur 8 Tal på inngåtte lærekontraktar i perioden 2002 – 2009.

Utviklinga når det gjeld inngåtte lærekontraktar og talet på dei som har tatt fagprøve/sveinebrev har vore positiv i 2009. Tala har om lag fordobla seg i høve til føregåande år. Sjå også figur 9 under.



Figur 9 Tal på fagbrev/sveinebrev

Det er urovekkjande at fleire av dei store fengsla med verkstader som er godkjende som lærebedrifter, har få inngåtte lærekontrakter og få gjennomførte fagbrev. Skolen ved Vestoppland fengsel, avd. Valdres (ope fengsel med 26 innsette), skolen ved Berg fengsel (ope fengsel – 48 innsette), skolen ved Trondheim fengsel (lukka fengsel med 142 innsette) og Åsane vgs, avd. Fossane (oppfølgingsklasse) har dei høgaste tala med lærekontrakter.

Når det gjeld talet på praksiskandidatar, er det skolen ved Åna fengsel som kan vise det høgaste talet med 25 personer (sjå vedlegg 15). Utviklinga er positiv, men tala er samla


sett for låge. Framleis er det ei stor utfordring å få til eit betre samarbeid mellom skole og arbeidsdrift, slik at fleire innsette får høve til å ta fagprøve.

I tillegg har heile 1212 innsette gjennomført korte arbeidskvalifiserande kurs om gir kompetanse i arbeidslivet. Det er skolane ved dei fengsla som har fått opplæringstilbod dei siste åra, som særleg har lagt vekt på slike arbeidskvalifiserande kurs. Det gjeld til dømes Mysen vgs – Indre Østfold fengsel, avd. Trøgstad, Skarnes vgs – Bruvoll fengsel, Valdres vgs – Vestoppland fengsel, avd. Valdres, Vest Telemark vgs – Arendal fengsel, avd. Kleivgrend, Ølen vgs – Sandeid fengsel og Steinkjer vgs – Verdal fengsel (sjå vedlegg 18).

Om lag 2500 innsette har gjennomført andre kurs (sjå vedlegg 18). Det kan vera datakurs, formgjevingskurs, språkkurs osb (sjå vedlegg 14).

3.3.2 Eksamens

Fleire elevar enn før tok eksamen og kompetansebevis, 1254 i 2009 mot 1053 i 2008.



Figur 10 Tal elevar som har teke eksamen og ulike kurs i 2009

Figur 10 viser kor mange elevar som tok eksamen og ulike kurs i 2009. Det er 371 elevar som har avgjort eksamen i vidaregående opplæring og grunnskole. Det er nesten 2500 innsette som har delteke på ulike andre kurs. Det blei også tatt fleire eksamenar enn tidlegare år innanfor vidaregående opplæring (frå 829 i 2008 til 844 i 2009). Talet på eksamenar innanfor høgskole/universitet meir enn fordobla seg i høve til året før (frå 68 i 2008 til 176 i 2009) (sjå vedlegg 22).


3.3.3 Forvaltingssamarbeid

Å få til gode opplæringstilbod innan kriminalomsorga, krev forvaltingssamarbeid mellom fleire instansar. Kriminalomsorga har eit overordna ansvar når det gjeld å samordna samarbeidet. Dette kjem fram mellom anna i Straffegjennomføringsloven §4 om forvaltingssamarbeid ”*Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlige etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetektsfæringa får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.*”

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings-og forskingsdepartementet ut eit felles rundskriv om ...*Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen* (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal legge til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Dette rundskrivet er no revidert og ligg føre som Rundskriv G-1/2008, dagsett 20.10.2008.

I Stortingsmelding 27 (2004 – 2005) blir forvaltningssamarbeidet understreka på nytt og det blir mellom anna vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjenomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterende effekt, er det viktig at ...*at den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk* (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.28).

Sentrale samarbeidspartnarar for skolen er arbeidsdrifta og programverksemda i fengselet og NAV. St.meld.nr.37 (2007-2008) *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* understrekar kor viktig det er å få til eit godt forvaltningssamarbeid og peikar særleg på at tilbakeføringstiltaka er avhengig av eit godt samarbeid mellom kriminalomsorga og andre etatar.




Figur 11 Evaluering av samarbeidet med arbeidsdrifta, NAV-arbeid og programverksemda i prosent

Figur 11 viser evaluering av samarbeidet med arbeidsdrifta, programverksemda og NAV-arbeid. Når det gjeld samarbeidet med arbeidsdrifta, melder 42 av 43 skolar/ skoleavdelingar at dei har eit svært godt eller godt samarbeid med arbeidsdrifta og berre ein av skolane seier at samarbeidet fungerer mindre godt. Dette viser at den positive utviklinga på dette området held fram.

NAV er ein av dei viktigaste eksterne samarbeidspartnarane. Det er 43 skolar som seier at dei har samarbeid med NAV-arbeid og 36 skolar melder at samarbeidet er godt eller svært godt.

Biletet er framleis mindre positivt når det gjeld samarbeidet med programverksemda. Berre 16 av 46 skolar seier at dei har samarbeid med programverksemda. Det er positivt at av dei som har eit slikt samarbeid, seier 14 at samarbeidet er godt eller svært godt. Det høyrer med til biletet at nokre få av anstaltane ikkje har programverksemde.



Figur 12 Samarbeidet med arbeidsdrifta har ført til nye opplæringstilbod

Figur 12 viser at samarbeidet med arbeidsdrifta har ført til mange nye opplæringstilbod. Det gjeld særleg bygg og anlegg, reinhold og hygiene, mat/reinhald/kantine, men også innanfor andre område. Eit godt samarbeid med arbeidsdrifta er svært viktig for å kunna nytta kjøkken og verkstader som er godkjende som lærebedrifter, til å utvikle fleire opplæringstilbod, og få fleire lærekontraktar og fagprøvar. Her er det framleis eit stort potensiale for betring.


På spørsmål om kven som møter i samarbeidet skolen har med arbeidsdrifta, er tilbakemeldingane varierande. Både inspektørar, rådgivarar, lærarar, fengselsleiing, leiar i arbeidsdrift og betjentar deltar i møta og to skolar melder at også rektor deltar. I samarbeidet med programverksemda er det stort sett dei same aktørane som møtest, men leiar for arbeidsdrifta er bytt ut med leiar for programverksemda og fengselsleiinga deltek sjeldan. Ingen rapporterer at rektor møter og berre sju fortel at fengselsleiinga møter. I samarbeidet med NAV-arbeid møter i hovudsak dei same aktørane som møter i samarbeidet med arbeidsdrifta.

Tabell 3 Oversyn over kven som møter på ulike nivå i samarbeidet

| | Arbeids-drifta | Program-verksemda | NAV-arbeid |
|--|----------------|-------------------|------------|
| Rektor | 2 | 0 | 3 |
| Inspektør/avdelingsleiar | 30 | 6 | 17 |
| Rådgjevar | 22 | 4 | 18 |
| Lærarar | 29 | 5 | 15 |
| Fengselsleiing | 20 | 7 | 12 |
| Leiar arbeidsdrift/programverksemrd/NAV-arbeid | 37 | 10 | 35 |
| Betjentar | 26 | 3 | 12 |
| Andre | | | 11 |

3.3.4 Elevdemokrati

I følgje Opplæringslova (§11-6) skal kvar vidaregåande skole ha eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Dette gjeld skolane der deltakarane har elevstatus. Elevrådet skal mellom anna jobba for læringsmiljøet, arbeidstilhøva og velferdsinteressene til elevane. Lova seier og at dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen.




Figur 13 Tal skolar som har/ikkje har elevråd og tillitsvalde elevar

Figur 13 viser at på spørsmål om skolen i fengselet har elevråd, svarar berre tre av skolane ja og 10 skolar seier at dei har tillitsvalde elevar. Likevel svarar dei fleste skolane at dei legg til rette for elevdemokrati gjennom god kontakt med elevane og at lærarane er tilgjengelege. Døme her er allmøte, elevsamtal og samtaler i klasserommet. Det er viktig at skolane arbeider for å sikra rettane til elevdemokrati slik opplæringslova legg opp til.

3.3.5 Prosjekt og utviklingsarbeid

Skolane rapporterer kva slags prosjekt og utviklingsarbeid dei er med i.




Figur 14 Tal skolar som deltar i ulike utviklingsprosjekt

Seksten skolar rapporterer at dei deltar i ulike typar prosjektarbeid. Dette er ein framgang frå 2008 då i alt 7 av skolane var med i prosjektarbeid. Seks av skolane i 2009 deltok i EU-prosjekt. Det er positivt for utviklinga av opplæringa i kriminalomsorga at skolane deltar i ulike prosjekt og samarbeid på tvers av landegrenser. Skolane får kontakt med andre skolar i Europa, og kan utveksle erfaringar og få nye idear til vidareutvikling av opplæringstilbodet. Det er ingen skolar som er med i det nordiske samarbeidet gjennom Nordpluss programmet. Sjå www.siu.no. Når det er så mange skolar (16) som svarar 'anna', kan det vera skolane som var med i det nasjonale prosjektet om realkompetansevurdering og/eller nettstøtta læring.

3.3.6 Evaluering av eiga verksemd

Opplæringslova (§2-1) seier at skolen og lærebedrifta jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og i dei enkelte læreplanane for dei ulike faga. Vidare blir det sagt (§2-3) at elevane i grunnskolen og i vidaregående opplæring skal ta del i nasjonale undersøkingar som gjeld motivasjon, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet. Skolen skal ha ansvar for at kartleggingar blir følgde opp internt i samarbeid med elevrådet. Sjølv om dei fleste skolane svarar at dei gjennomfører evaluering av eiga verksemd, er det to avdelingar som svarar nei på dette spørsmålet .



Figur 15 Oversyn over korleis skolane gjennomfører evaluering av eiga verksemd (tal skolar)

Mange av skolane som gjennomfører vurdering av eiga verksemd svarar at dei gjennomfører evalueringa gjennom ein kombinasjon av ulike verkemiddel: allmøte, skriftleg evaluering frå elevane, personalmøte, elevsamtalar eller andre tiltak.


3.4 Oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen, "Enda en vår"

Skolane vart bedne om å rapportera på nokre av dei prioriterte områda i stortingsmeldinga.

3.4.1 Yrkesfagleg opplæring


Stortingsmelding 27 (2004-2005) seier at *"Det er et mål at opplæringen i fengsel i større grad skal tilby hele eller deler av yrkesfaglig opplæring."* Dette er og i tråd med funna i undersøkinga gjort av Eikeland, Manger og Diseth både i 2006 og av Eikeland, Manger og

Asbjørnsen i 2009. Av dei som ønskjer vidaregåande opplæring i 2006, var det 63% av dei innsette som ønska yrkesfaglege opplæringstilbod.



Figur 16 Tal skolar som har/ikkje har oppretta yrkesfaglege tilbod i 2009

Figur 16 får fram at 22 av skolane har oppretta fleire yrkesfaglege opplæringstilbod i 2009. Dette er ei positiv utvikling. Det er likevel slik at for å kunna nyttja kapasiteten maksimalt innan yrkesfagleg opplæring er ein avhengig av kriminalomsorga si tilrettelegging på to område: tilgang på eigna lokale for yrkesfagleg opplæring og godt samarbeid med arbeidsdrifta mellom anna for å kunna nyttja verkstader og kjøkken som lærebedrifter.




Figur 17 Oversyn over opplæringstilbod som er oppretta i 2009 (tal skolar)

Figur 17 viser at det er særleg innanfor tre-og byggfag (11 skolar) og restaurant- og matfag (6) vi har den største auken av yrkesretta opplæring. Stortingsmelding 27 (2004-2005) seier og at skolane og fengsla må vera særleg merksame på kvinner sine behov når det gjeld yrkesfagleg opplæring.


3.4.2 Bruk av IKT på skolen

Tilgang til digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i Kunnskapsløftet. Det krev at elevane i fengsla så langt råd er har tilgang til IKT/Internett på linje med elevane i det øvrige skoleverket. Det er dette IFI løysinga, Internet for innsette, skal legge til rette for.



Figur 18 Tal skolar som nyttar nettstøtta opplæring, integrerer IKT i undervisninga og har nettilgang via nasjonal brannmur

Tjueseks skolar som seier dei har elevar som nyttar seg av nettstøtta opplæring og litt færre (23) som ikkje gjer det. Mange skolar (16) opplever at IKT ikkje er integrert i opplæringa slik Kunnskapsløftet krev. Det kan ha samanheng med at IFI løysinga (Internett for innsette) ikkje har nådd ut til alle skolane (33). Utrullinga av IFI skal vera ferdig ved utgangen av 2010.




Figur 19 Tal skolar som har elevar som nyttar seg av nettstøtta opplæring – fordelt på utdanningsnivå

Det er særleg elevar som tar høgskole/universitet og vidaregåande opplæring som nyttar seg av nettstøtta opplæring. Ein skole kan ha elevar som både er på vidaregåande skole og som er med på høgskole/universitetsutdanning.

3.4.3 Spesialpedagogisk kompetanse

Stortingsmelding 27 (2004-2005) understrekar at den einskilde skole og skoleeigar må sørge for tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse.




Figur 20 Tal skolar som har tilbod om spesialundervisning, har spesialpedagogisk kompetanse og kontakt med PPT

Figur 20 får fram at 37 skoleavdelingar seier at dei har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse og 14 avdelingar melder at dei ikkje har det. På same tid svarar 32 av skolane at dei ikkje har regelmessig kontakt med PPT. Om lag like mange skolar tilbyr spesialundervisning.

Spesialpedagogisk kompetanse er viktig med tanke på at 37% av alle innsette rapporterer å ha vanskar med lesing og skriving og at om lag halvparten av dei innsette melder å ha vanskar med matematikk (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006). I 2009 seier litt meir enn 1 av 5 (22,3 prosent) at dei har vanskar 'i noko grad' og 'i svært stor grad' med lesing. Når det gjeld skriving, er det nesten 1 av 3 (29,2 prosent) som svarar slik. Det er faget matematikk dei innsette opplever som vanskelegast. Her rapporterer nesten halvparten (45 prosent) av dei innsette at dei har vanskar 'i noko grad' og 'i svært stor grad' (Eikeland, Manger og Asbjørnsen 2010)

3.4.4 Informasjon om skolen

"Skolen bør i større grad involveres i informasjon til de innsatte i inntakfasen i fengsel." heiter det i Stortingsmelding 27, (2004-2005).



Figur 21 Oversyn over kven som informerer om skolen ved inntak i fengslet ved inntak i fengslet (tal skolar)


Alle skolane seier at alle innsette blir informerte om skolen ved innsetting i fengsel. Av skolane er det 39 som fortel at dei sjølve informerer om opplæringstilboda, medan 45

har kryssa av på at fengselet utfører dette arbeidet. I tillegg blir det også oppgitt at NAV og andre informerer om skolen. Dette må innebera at det i mange tilfelle blir gitt informasjon frå både skole, fengsel og andre, men at det er fleire fengsel der skolen ikkje deltek i dette informasjonsarbeidet. For å få god og rett informasjon om skole, opplæringstilbod og rettar i høve til utdanning, er det viktig å understreke at det er skolane sjølve som må gje denne informasjonen. Det er noko varierande korleis informasjonen blir gitt. Det kan vera ved oppslag på oppslagstavle, ved at ein får utelevert eit informasjonsskriv, ved at ein får munnleg informasjon eller ved kombinasjonar av desse.

I rapporten *Innsette i norske fengsel: Motiv for utdanning* (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006) kjem det fram at blant dei som ikkje tok utdanning i fengsel på det tidspunktet undersøkinga vart gjort, var det 17,7 % som sa at grunnen var at dei ikkje fekk informasjon om utdanningstilbod i fengselet. Det er difor viktig å betra informasjonen om opplæringstilboden i fengsla. Det kjem og fram at informasjonen som blir gitt, ikkje er god nok. Det er difor ei oppgåve for skolen å styrka informasjonsarbeidet slik at innsette kan få innfridd retten sin til opplæring. Med tanke på at gjennomsnittleg soningstid er litt over tre månader, er det også viktig at informasjon om skolen blir gitt ved innsetting slik at den innsette kan koma raskt i gang og få utnytta tida på ein god måte.

3.4.5 Kompetanseheving

Stortingsmelding 27 (2004-2005) understrekar at skolane i fengsla må sikrast tilbod om kompetanseheving gjennom midlar frå Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008. I 2009 kom ”Kompetanse for kvalitet” – Strategi for vidareutdanning av lærarar, 2009 -2012. I tillegg vert det framleis delt ut statlege midlar til etterutdanning innan prioriterte område.




Figur 22 Oversyn over kompetansehevende tiltak som blir gitt, og om tiltaka har vore i tråd med behov (tal skolar)

På spørsmål om skolen har fått tilbod om kompetansehevende tiltak i 2009, svarar 43 av skolane ja. På spørsmål om tiltaka er i tråd med behov, er det 36 som svarar ja på dette. Dette inneber at nesten 80% av skolane gir uttrykk for at dei får tilbod om kompetansehevende tiltak som er i tråd med behovet. Det er viktig at lærarane innan opplæring i kriminalomsorga får tilgang på kompetansehevende tiltak på lik linje med andre lærarar.


3.4.6 Opplæring gjennom heile året

Stortingsmelding 27 (2004-2005) gjer det klart at skoleeigar og den lokale skole, har ansvar for å kunna leggja til rette for at ein skal kunna tilby opplæring uavhengig av skoleåret. Dette for å betra tilbodet og møta behovet til alle uavhengig av om den innsette har lang eller kort soningstid, for å få til betre ressursutnytting og for å møte behovet til institusjonen.



Figur 23 Skolar som gir opplæring i feriane

